



Analysegruppa

*Analysegruppe
lagar analyser,
samanlikningar og
rapportar til
universitetsleiinga
om trendar, rammer
og utviklingstrekk
som er aktuelle for å
gjennomføre UiBs
strategi.*

*Analysegruppas
medlemmar: Ingar
Myking, Steinar
Vestad, Bjørg Olav
Bøyum, Svein Jarle
Nymark, Gry
Flatabø og Caroline
Armitage.*

Innhold

Auke i søknader til Forskningsrådet og EU første halvår	1
Ny FRIPRO-analyse: Færre søknader, høgare innvilgingsprosent og stabil søkjaråtfærd	4
Tilstandsrapport for høgare utdanning 2025: økonomien strammar seg ytterlegare til i universitets- og høgskulesektoren.....	6
OECD: Noreg bør forske meir	8
OECD åttarar mot snever måling av forskning	9
Siste budsjett for EUs niande rammeprogram Horisont Europa	10
EU-strategi for havobservasjon lagt frem	11
Norge blant de ledende forskningsnasjonene globalt innen fiskeri og akvakultur.....	11
Kina vil styrkje rolla si i global forskning	12
UNESCO-rapport: Høgare utdanning veks, men ulikskapane er store.....	13
Stadig fleire i Noreg har høgare utdanning	14
Ni av ti med lang høyere utdanning er i arbeid et halvår etter fullføring	15
Saudi-Arabisk ranking får brei omtale i Khrono.....	18
UiB vidare opp på QS-rangeringa	19

Auke i søknader til Forskningsrådet og EU første halvår

Per 14. juni 2026 har UiB sendt 133 søknader til Forskningsrådet, ein auke samanlikna med første halvår både i 2025 og 2024. Veksten kjem særleg innanfor ordningane for banebrytande forskning, medan søknadstala innan tematiske satsingar ligg på same nivå som i fjor.

Auken i banebrytande forskning heng i stor grad saman med nye søknadsordningar, mellom anna finansiering av støtteverdige ERC-avslag, Toppforsk og radikale forskingsidear. Det var få søknader til FRIPRO i starten på året, særleg for utlysinga retta mot erfarne forskarar, men aktiviteten har teke seg opp etter februar. I perioden mars–juni er det registrert fleire søknader til erfarne forskarar enn i same periode dei to føregåande åra, og tala for juni er enno ikkje komplette.

Tabell 1 Søknader forskningsrådet totalt

	2021	2022	2023	2024	2025	2026
FRIPRO/banebrytende	245	191	46	82	73	38
Tematiske forskerprosjekt	34	56	66	44	50	6
Kompetanse/samarbeid	20	24	8	11	25	1
Forskning for ny kunnskap/forskning for anvendelse						56

Innovasjon/kommersialisering	1	2	2	3	5	
Sentre/infrastruktur	8	1	21	6	53	
Annet	49	59	30	44	67	32
Totalsum	357	333	173	190	273	133

Tabell 2 Søknader første halvår forskerprosjekt og kompetanse- og samarbeidsprosjekt, herunder nye tematiske søknadstyper 2026

	2021	2022	2023	2024	2025	2026
Tematiske utlysninger	45	64	72	55	62	63
FRIPRO	245	191	43	25	31	38
Totalsum	290	255	115	80	93	101

Tabell 3 Søknader første halvår, FRIPRO

	2024	2025	2026
Erfarne forskere	11	15	15
Tidlig karriere	12	12	10
Forskerprosjekt med internasjonal mobilitet (FRIPRO)	2	3	4
Kvalifiserte ERC-søknader			3
Radikale forskningsidéer i tidlig karriere			3
Toppforskere - Forskerprosjekt for å utvikle verdensledende forskningsmiljøer		1	3
Totalsum	25	31	38

Tabell 4 FRIPRO søknader per måned

	januar	februar	mars	april	mai	juni	Totalt
2026	2	4	12	6	10	4	38
2025	5	8	4	4	4	6	31
2024	5	7	3	4	5	1	25

Samla er det sendt 101 søknader første halvår innan forskarprosjekt, kompetanse- og samarbeidsprosjekt og dei nye tematiske søknadstypane. Dette er opp frå 93 i 2025 og 80 i 2024. For tematiske utlysingar er nivået stabilt, med 63 søknader første halvår 2026, mot 62 i 2025.

Fleire finansierte prosjekt

Så langt i 2026 har Forskningsrådet gitt tilsegn til 10 prosjekt utanom banebrytande forskning, om lag på same nivå som i fjor. Arrangementstøtte utgjør den største delen av desse tildelingane, følgd av midlar til prosjekt for kjønnsbalanse og mangfald. Forskningsrådet har så langt ikkje fordelt midlar til tematiske forskarprosjekt, kompetanse- og samarbeidsprosjekt eller dei nye støtteformene i 2026.

Innan banebrytande forskning har UiB per 15. juni fått tilsegn til sju prosjekt. Dette omfattar mellom anna tre prosjekt innan nye søknadstypar. Dersom desse fordeler seg om lag som ved tidlegare vedtaksmøte, kan UiB etter første halvår liggje på same eller høgare nivå enn tidlegare år når det gjeld tilslag innan banebrytande forskning.

Tabell 5 vedtak FRIPRO første halvår, status 2026 per 15. juni

	2024	2025	2026
Forskerprosjekt for erfarne forskere (FRIPRO)	2	6	2
Forskerprosjekt for tidlig karriere (FRIPRO)	1	1	1
Forskerprosjekt med internasjonal mobilitet (FRIPRO)	1	1	1
Finansiering av kvalifiserte ERC-søknader - søknad etter invitasjon			1
Toppforskere - Forskerprosjekt for å utvikle verdensledende forskningsmiljøer			1
Radikale forskningsidéer i tidlig karriere			1
Totalsum	4	8	7

Meir EU

Også søknadsaktiviteten mot EU har auka. Så langt i 2026 har UiB sendt 72 søknader om EU-finansiering. Dette er ein markant auke frå 41 søknader i 2024 og 33 i 2025 på same tidspunkt. Auken må sjåast i samanheng med utlysningsfristane, sidan UiB tidlegare år har hatt større søknadsaktivitet i haustsemesteret. Veksten første halvår 2026 kjem særleg innan globale samfunnsutfordringar, og då særleg helseutlysingar.

	2024	2025	2026	Totalsum
CREATIVE EUROPE	1	2	3	6
DIGITAL			1	1
ERASMUS2027			1	1
EXCELLENT SCIENCE	9	23	17	49
GLOBAL CHALLENGES	31	8	46	85
INNOVATIVE EUROPE			4	4

Totalsum	41	33	72	146
----------	----	----	----	-----


Per midten av juni har UiB òg vore involvert i sju initiativ til EU sine infrastrukturutlysingar med frist 16. juni. Innmelde planar tyder dessutan på auka aktivitet mot MSCA Postdoctoral Fellowships i september, med 25 registrerte initiativ mot 19 søknader i 2025.

Så langt i 2026 har UiB fått tilslag på 13 EU-prosjekt. Dette ligg noko under nivået frå tidlegare år, men vedtak og tildelingar varierer mykje mellom semestera.

EU-PRG	2024	2025	2026	Totalsum
DIGITAL-LS			1	1
Excellent Science	16	13	6	35
Global Challenges	3	4	6	13
Totalsum	19	17	13	49

Det høge aktivitetsnivået både mot Forskningsrådet og EU er viktig for å sikre vidare fagleg utvikling og ekstern finansiering. I 2025 hadde UiB rekordhøge tildelingar frå Forskningsrådet, mellom anna knytt til større senterprosjekt med mange partnarar. For å oppretthalde aktiviteten i fagmiljøa er det difor viktig at UiB held oppe både søknadsvolumet og gjennomslagskrafta i dei viktigaste konkurransearenaene.

Innvilgede beløp etter vedtaksår



Ny FRIPRO-analyse: Færre søknader, høgare innvilgingsprosent og stabil søkjaråtferd

Omlegginga av FRIPRO til løpande søknadsmottak har redusert talet på søknader kraftig. Samstundes har innvilgingsprosenten auka, medan fordelinga mellom institusjonar, fag og søkjargrupper i hovudsak er stabil. Det viser ein ny analyse som skal behandlast [av porteføljestyret for banebrytande forskning i Forskningsrådet](#).

FRIPRO gjekk i oktober 2023 over frå éin årleg søknadsfrist til løpande mottak og behandling av søknader. Etter to år med tildelingar har Forskningsrådet analysert korleis omlegginga har påverka søknadsmengda, søkjaråtferd, behandlingstida, karakterane og fordelinga av tildelingar. Hovudkonklusjonen er at omlegginga ikkje ser ut til å ha ført til store endringar i søkjaråtferd eller karakterbruk. Den tydelegaste endringa er at talet på søknader er blitt vesentleg redusert.

Søknadstalet er meir enn halvert

I perioden 2018–2022 fekk Forskringsrådet mellom 1 200 og 2 000 FRIPRO-søknader i året. Innvilgingsprosenten låg då mellom fem og ti prosent. Etter overgangen til løpande søknadsmottak kjem det no inn litt over 50 søknader i månaden. Det siste året har Forskringsrådet motteke om lag 650 søknader, mot rundt 580 året før. Etter to år med tildelingar er innvilgingsprosenten på 21 prosent. Auken i søknadstal det siste året var venta. Han kjem mellom anna etter at FRIPRO fekk to nye utlysingar – for toppforskarar og radikale forskingsidéar – og etter at omfanget av karantenereglane blei redusert.

Fleire søknader frå forskarar tidleg i karrieren

Før omlegginga stod forskarar tidleg i karrieren for om lag 35 prosent av søknadene. Etter innføringa av løpande søknadsmottak er delen auka til rundt 50 prosent. Forskringsrådet peikar på fleire moglege forklaringar. Forskarar utan fast stilling kan oppleve eit sterkare tidspress og større behov for å sende søknaden raskt, medan etablerte forskarar i større grad kan bruke høvet til å vidareutvikle søknaden før innsending. Det siste året er det registrert ein liten nedgang i talet på søknader til ordninga for erfarne forskarar, frå om lag 300 til 270. Samstundes kom det rundt 40 søknader til den nye ordninga for toppforskarar. Den samla søknadsmengda frå etablerte forskarar er dermed om lag uendra. Også talet på søknader frå forskarar tidleg i karrieren er samla sett stabilt. Den nye ordninga for radikale forskingsidéar fekk om lag 60 søknader, medan ordningane for tidleg karriere og internasjonal mobilitet til saman fekk rundt 280 søknader.


Høgare karakterar etter omlegginga

Forskringsrådet har også analysert karakterutviklinga frå 2018 til 2026 for søknader frå erfarne forskarar, forskarar tidleg i karrieren og kandidatar til internasjonal mobilitet. Gjennomsnittskarakterane har auka over tid, både samla og innan alle dei tre ordningane. Etter innføringa av løpande søknadsbehandling har 26 prosent av søknadene fått eit karaktersnitt på seks eller sju. I perioden 2020–2023 låg delen mellom 18 og 23 prosent.

Stabil fordeling mellom institusjonane

Fordelinga av søknader mellom universitet, høgskular, forskingsinstitutt og andre institusjonstypar er i hovudsak den same som før omlegginga. Det same gjeld fordelinga mellom dei største søkjarinstitusjonane. Det er likevel skilnader i utviklingsmønster. Universitetet i Oslo har hatt ei markant auke i delen av søknader sidan 2022, medan UiB har hatt ein negativ trend.

Figur – Andel av innsendte søknader per institusjon for institusjonane som har sendt inn meir enn 300 søknader totalt i perioden.



Tilstandsrapport for høgare utdanning 2025: økonomien strammar seg ytterlegare til i universitets- og høgskulesektoren

Den årlege [Tilstandsrapporten for høgare utdanning](#) frå [HK-dir](#) viser at inntektene til universitet og høgskular har falle svakt i realverdi sidan 2021. Den langvarige veksten i årsverk stoppa opp i 2023, og vart snudd til nedgang i 2024. Statlege institusjonar hadde 2,6 prosent færre årsverk i 2024, og faglege årsverk var fire prosent lågare enn i 2022.


Rapporten blir brukt som eit kunnskapsgrunnlag for Kunnskapsdepartementets (KD) styring, og gir eit breitt bilete av status og utviklingstrekk i norsk høgare utdanning. Han teiknar eit bilete av ein sektor med stor arbeidsdeling. Nokre institusjonar er tydeleg profesjons- og velferdsretta, medan dei gamle breiddeuniversiteta har ein meir forskings- og disiplinorientert profil. I tillegg kjem ei gruppe meir spesialiserte institusjonar. Desse skilnadene går att i fagprofil, studenttypar, fleksible studium, internasjonalisering, forskning, publisering og ekstern finansiering. Rapporten trekkjer særleg fram at humanistiske og estetiske fag har hatt stor nedgang, og at nedgangen er særleg stor ved UiO og UiB

Dimensjonering og studentar

Rapporten er innom nokre politisk viktige spørsmål: dimensjonering av utdanningstilbodet, veksten i private og nettbaserte studium, press på økonomi og bemanning, skilnader mellom institusjonstypar, og korleis Noreg skal balansere profesjonsutdanning, forskning, internasjonalisering og regional tilgang til utdanning.

Opptake til grunnutdanningar er nokså stabilt over ti år, men opptaket til toårige masterprogram har vakse kraftig: frå litt over 13 000 i 2015 til nesten 20 000 i 2024. Veksten i fag kjem særleg i økonomi/administrasjon og informasjons- og datateknologi, medan humanistiske og estetiske fag har gått tilbake. På gjennomføring er utviklinga todelt: bachelor på normert tid går ned for andre år på rad, medan gjennomføring på femårig master og toårig master er rekordhøg.

Figur 2.2 Kvalifiserte førstevalgssøkere til grunnutdanningar gjennom Samordna opptak per fagfelt, 2015–2024



Kilde: HK-dir/DBH

Andre funn


Forskarutdanninga hadde rekordmange doktorgrader i 2024, men rapporten åtvarar indirekte om at lågare opptak til doktorgrad dei siste åra kan gi færre disputasar framover. UiO, NTNU og UiB står framleis for ein stor del av doktorgradane.

Verdt å merke seg er det at private institusjonar veks meir enn statlege, særleg Høgskolen Kristiania. Veksten heng tett saman med digitalisering, nettstudium og økonomisk-administrative fag. I 2024 hadde private institusjonar fleire studentar enn statlege innan økonomi og administrasjon. Fleksibel utdanning og nettstudium blir viktigare.

Andelen studentar på fleksible program har auka frå 24 prosent i 2015 til 28 prosent i 2024, og studentar på nettbaserte program frå 4 til 10 prosent.

Internasjonaliseringa blir meir europeisk. Utveksling til Noreg har auka mykje over ti år, og dei fleste kjem frå Europa. Samstundes har studieavgift for studentar utanfor EU/EØS/Sveits gitt stor nedgang i internasjonale gradsstudentar frå desse landa. Færre nordmenn tek grad i utlandet, særleg på grunn av nedgang i Storbritannia.

Figur 4.5 Studentar etter institusjon og gradsnivå 2024. Antall




Kilde: HK-dir/DBH

UiB held stand

UiB blir omtalt som ein av dei eldste, klassiske breiddeuniversiteta i Noreg, og har saman med UiO ein profil med vekt på vitenskaplege disiplinar og forskning - mindre prega av fusjonar og strukturendringar enn fleire andre universitet. UiB blir også plassert blant institusjonane som rekrutterer breitt/nasjonalt og som skårar høgt på forskingsindikatorar.

Hovudbiletet for UiB er ganske sterkt særleg på forskning, publisering, doktorgradar, opptakskvalitet og ekstern forskingsfinansiering. Samstundes peikar rapporten på nokre utviklingstrekk som er meir utfordrande, særleg nedgang innan humanistiske og estetiske fag.

Figur 15.2 FoU-årsverk per fagområde 2023, per institusjon. Antall



Kilde: Statistisk sentralbyrå

OECD: Noreg bør forske meir

Noreg må bruke ressursane meir målretta, styrkje budsjettstyringa, betre grunnleggjande ferdigheiter og leggje betre til rette for forskning, handel og næringsutvikling.

OECD har lagt fram den toårlege gjennomgangen sin av norsk økonomi, med tilrådingar om korleis Noreg bør møte viktige utfordringar framover. OECD teiknar eit bilete av norsk økonomi der veksten vil halde seg oppe i år og neste år. OECD framhevar at Noreg er blant økonomiane i verda med størst velstand og høgast grad av likskap, støtta av solid makroøkonomisk styring og ein høgt kvalifisert arbeidsstyrke. OECD peikar likevel på at Noreg har utfordringar med høgt offentlig forbruk, vedvarande inflasjon, svakare produktivitsutsikter og fallande resultat i skulen. Hovudbodskapen er at

Høgare utdanning og forskning

Rapporten inneheld ingen eigen analyse av høgare utdanning, men omtalar universitet og forskning i samband med forsyningstryggleik, teknologi og norsk konkurransekraft. OECD meiner at:

- norske investeringar i forskning og utvikling er relativt låge
- meir forskning og utvikling kan redusere avhengigheita av sårbare globale verdikjeder og kritiske importvarer
- ordningar for banebrytande eller teknologisk avansert forskning og utvikling bør byggjast ut
- slike program bør i større grad samordnast internasjonalt


Universitet og institusjonsstruktur

OECD skriv at mange norske universitet er små. Det skal etter OECDs vurdering avgrense moglegheitene for:

- stordriftsfordelar
- breidde og fagleg samspel
- høg kvalitet i utdanning
- framifrå forskning
- innovasjon

Rådet er ikkje uttrykkeleg å slå saman universitet, men å få til sterkare koordinering av utdannings- og forskningsprogramma mellom universiteta. Målet skal vere høgare kvalitet og sterkare fagmiljø innan vitenskap og teknologi.

Educational performance needs to improve again



Innovasjon og forskingsstøtte

Rapporten er kritisk til delar av det offentlege innovasjonsstøttesystemet. OECD meiner innovasjonssubsidiar ofte er dårleg målretta, og at ansvaret er spreidd på for mange verkemiddel og etatar. Regjeringa sine planar om å redusere slike subsidiar blir omtala positivt.

Det ligg dermed ei spenning i råda:

- mindre generell og lite målretta innovasjonsstøtte
- meir konsentrert støtte til forskning og utvikling i den teknologiske fronten


- sterkare koordinering nasjonalt og internasjonalt

OECD åtvarar mot snever måling av forskning

OECD meiner dagens system for forskingsvurdering i for stor grad byggjer på smale, kvantitative indikatorar som publiseringstal, siteringar, tidsskriftprestisje og rangeringar. I ein ny [policy brief](#) om reform av forskingsvurdering peikar OECD på at slike mål kan vere nyttige i nokre samanhengar, men at dei ofte blir brukte for breitt og for ukritisk.

Forsking blir i aukande grad forventa å bidra til komplekse samfunnsutfordringar, open vitskap, tverrfagleg samarbeid, kunnskapsdeling, innovasjon og langsiktig samfunnseffekt. Tradisjonelle vurderingssystem fangar ofte dårleg opp slike bidrag, blir det hevda i rapporten. Høg-risiko-forsking, tverrfagleg forskning, langsiktige forskingsbidrag og arbeid med data, infrastruktur, programvare, formidling eller samfunnsdialog kan bli undervurdert.

Figure 1. Relationship between research culture, assessment measures, incentives and behaviours



Source: OECD (2026[1]).

Nei til rangeringar

OECD åtvarar også mot rangeringar og ligatabellar som grunnlag for forskingsvurdering. Rangeringar byggjer ofte på lite transparente metodar, er dårleg tilpassa ulike institusjonsprofilar og kan forsterke ulikskapar. Dei kan ha ein marknadsføringsfunksjon, men bør ikkje ligge til grunn for vurdering av forskingskvalitet eller finansieringsavgjerder.

Åtvarar mot KI

Rapporten peiker på at forskingsmiljøa må vere varsam med bruk av kunstig intelligens i forskingsvurdering. AI kan bidra til å handtere store datamengder og redusere arbeidsbyrda, men kan òg vidareføre bias, gi feil og vere vanskeleg å etterprøve. Bruk av AI i vurderingsprosessar bør derfor skje gradvis, med openheit, menneskeleg kontroll, risikovurdering på førehand og evaluering i etterkant.

For UiB er OECDs budskap relevant i lys av både rangeringsdebattar, publiseringsindikatorar og nasjonal forskingspolitikk. Dersom breiddeuniversitet skal vurderast rettferdig, trengst vurderingsformer som tek omsyn til institusjonsprofil, fagleg breidde, langsiktig grunnforskning, utdanning, samfunnsoppdrag og ulike former for forskingskvalitet.

Siste budsjett for EUs niande rammeprogram Horisont Europa

EU-kommisjonen førebur den siste større oppdateringa av arbeidsprogramma i Horisont Europa før programperiode går ut i 2027. Oppdateringa skal både finansiere nye prioriteringar og leggje til rette for overgangen til neste rammeprogram frå 2028, skriv [ScienceBusiness](#).

Kommisjonen foreslår å bruke 193 millionar euro på overgangstiltak som skal styrkje vegen frå forskning til innovasjon, implementering og marknadsopptak. Bakgrunnen er at Horisont Europa frå 2028 blir sterkare retta mot konkurransekraft og marknad, og at samarbeidsforskinga i søyle 2 skal knytast til det nye europeiske konkurransekraftfondet.



Forslaget omfattar tolv nye utlysingar

Mellom dei viktigaste er:

- 52,5 millionar euro til prosjekt som skal vidareutvikle og kommersialisere resultat frå Horisont Europa.
- 55 millionar euro til bruk av kunstig intelligens innan mellom anna fleirspråklege medium, autonome byar, avanserte KI-modellar og energisystem.
- 30 millionar euro i støtte til små og mellomstore verksemder som vil rekruttere talent. Om lag 130 prosjekt kan få inntil 300 000 euro kvar.
- 30,5 millionar euro til europeisk forskingsinfrastruktur.
- 25 millionar euro til koordinering av klimarelaterte tiltak.

Den andre store satsinga er ei samla biodiversitetsutlysing på 229,5 millionar euro

Ho skal bidra til at EU når målet om å bruke ti prosent av budsjettet for 2026–2027 på naturmangfald. Satsinga omfattar mellom anna:

- 50 millionar euro til eit globalt system for havobservasjon.
- 20 millionar euro til forskning på samanhengen mellom naturmangfald og helse.
- 13 millionar euro til tiltak mot ulovleg handel med ville dyr.
- 10 millionar euro til forskning på modifisering av solinnstråling som mogleg klimatiltak.
- Forsking på miljøgifter, nedgang i insekt og andre virvellause dyr, restaurering av økosystem og kostnadseffektiv overvaking av naturmangfald.

Omstridd finansiering


Finansieringa er omstridd fordi Kommisjonen vurderer å bruke innbetalningar frå land som er assosierte med Horisont Europa. Desse midlane kunne elles ha blitt brukte til å styrkje populære og overteikna program, som Marie Skłodowska-Curie Actions. Fleire representantar frå assosierte land har òg reist spørsmål om korleis midlane blir fordelte, og om modellen er i samsvar med regelverket.

Sju andre arbeidsprogram skal få mindre oppdateringar, mellom anna innan digitalisering, industri, romforskning, mat, bioøkonomi, naturressursar, landbruk, miljø og New European Bauhaus. Oppdateringar for forskingsinfrastruktur, samfunnsoppdraga og klima-, mobilitets- og energiforskning er òg under arbeid. Kommisjonen og representantar for medlemslanda skal drøfte utkasta 9. juli 2026.

EU-strategi for havobservasjon lagt frem

3. juni la Europakommisjonen frem en ny EU-strategi for havobservasjon (OceanEye), som har som mål å gjøre EU til en global leder innenfor havobservasjon og styrke evnen til å forstå og forvalte havmiljø og maritime aktiviteter bedre, samtidig som man søker å styrke Europas industrielle base.

EUs havpakt fra 2025 er EUs langsiktige visjon for havet. En av havpaktens seks hovedprioriteringene er å fremme havforskning, kunnskap og innovasjon. Kommisjonen vil investere 92 millioner euro fra Horisont Europa-programmet til OceanEye, havpakten samler EUs havpolitikk i et enhetlig rammeverk på tvers av politikkområder, og er EUs langsiktige visjon for havet. Pakten er et overordnet politisk rammeverk med seks hovedprioriteringer knyttet til beskyttelse og gjenoppretting av sunne, bærekraftige hav, styrking av EUs blå økonomi og maritime sikkerhet, støtte til kyst- og øysamfunn, havforskning, havdiplomati og internasjonal havforvaltning. En av paktens prioriteringer er fremme av havforskning, kunnskap og innovasjon. OceanEye kan betraktes som en «core delivery mechanism of the European Ocean Pact as well as [the EU Industrial Maritime Strategy](#) vision of anchoring Europe's leadership in emerging technologies and market segments», skriver Kommisjonen om [meddelelsen «OceanEye: An EU ocean observation initiative»](#) som ble lagt frem **3. juni**



Norge blant de ledende forskningsnasjonene globalt innen fiskeri og akvakultur

I perioden 2022–2024 var Norge den sjuende største forskningsnasjonen målt i antall vitenskapelige artikler, ifølge fersk [rapport](#).

En [rapport](#) utarbeidet i et samarbeidsprosjekt mellom NIFU, Norsk institutt for vannforskning (NIVA) og Statistisk sentralbyrå (SSB) gir en oppdatert oversikt over forskning som gjennomføres i, på og for sjømatnæringen, og bibliometriske analyser av vitenskapelig publisering. Prosjektet er finansiert av



[FHF – Fiskeri- og havbruksnæringens forskningsfinansiering](#). Analysene viser at det er en sterk konsentrasjon av forskning rundt et fåtall arter. Laks dominerer klart forskningsbildet og står for en stor andel av publikasjonene. Torsk er den nest mest studerte arten, men på et langt lavere nivå. Samtidig er det flere kommersielt viktige fiskearter som er relativt lite forsket på.

Kina vil styrkje rolla si i global forskning

Kina arbeider målretta for å styrkje posisjonen sin som ei global vitskapleg supermakt, kjem det fram av Kinas nye femårsplanen for 2026–2030. Kinas øvste leiar tek til orde for å styrkje det internasjonale samarbeidet om grunnforskning.

[Investeringar i grunnforskning og internasjonalt samarbeid er dei to områda der landet framleis ligg etter andre store aktørar](#). Kinas president Xi Jinping ønskjer at landet skal auke [deltakinga si i internasjonalt samarbeid om grunnforskning](#) på område som klimaendringar, energi, miljø, livsvitskap og helsevitskap. Han ønskjer òg at Kina skal ta ei meir aktiv rolle i den globale styringa av vitskap og teknologi.

Mindre internasjonal sampublisering

Den fornya vektlegginga av grunnforskning kjem medan Kina ønskjer å styrkje det styresmaktene omtalar som «original innovasjon» – eit uttrykk som viser til banebrytande oppdagingar og pionerarbeid innan teknologisk utvikling. Sjølv om Kinas vitskaplege produksjon i internasjonale tidsskrift framleis er sterk, viser ein nyleg studie frå den amerikanske tankesmia [Quincy Institute](#) at landet no har ein av dei lågaste delane internasjonalt samforfatta artiklar blant store forskingsøkonomiar. Samarbeidsraten har falle jamt sidan rundt 2018. Særleg har samforfattarskap med USA falle med om lag 20 prosent, spesielt på område som blir rekna som sensitive, som ingeniørfag og kunstig intelligens.



Bru mellom laboratorieforskning og kommersiell bruk

Kinas president Xi tek no til orde for ei meir «strategisk koordinert» tilnærming til grunnforskning. Det inneber mellom anna styrkt overordna planlegging, tydelegare prioriteringar og tettare integrasjon mellom universitet, forskingsinstitutt og verksemder – der sentrale innovasjonssatsingar skal leiast av industrien. Sjølv om universiteta framleis er ei hovudkjelde til store vitskaplege og teknologiske gjennombrot, oppmodar Beijing i aukande grad verksemder til å ta ei leiande rolle i forskning ved fronten av vitskapen.

Styresmaktene ønskjer å byggje bru over langvarige gap mellom laboratorieforskning og kommersiell bruk, særleg innan strategisk viktige teknologiar. Skiftet speglar òg ei breiare oppfatning av at verksemder blir rekna som betre

eigna enn universiteta åleine til å omsetje grunnforskning til skalerbar innovasjon. Dei nye føreslåtte tiltaka legg òg vekt på støtte til unge forskarar, mellom anna ved å fremje ein kultur som er meir tolerant for feilslåtte forsøk, og evalueringssystem som er betre tilpassa den langsiktige karakteren og uvisse i grunnforskning.

Stor på grunnforskning

Dette skjer samstundes med ei stor [auke i forskningsfinansieringa](#), med 426 milliardar yuan, tilsvarande 62 milliardar amerikanske dollar, til vitskaps- og teknologiutvikling i 2026. Det er ein auke på om lag 10 prosent frå året før, medan grunnforskning får ein særleg sterk auke på 16,3 prosent. Auken kjem på eit kritisk tidspunkt ved starten av femårsplanen for 2026–2030, der Beijing har sett prioriteringane for den neste fasen av nasjonal utvikling. I 2025 passerte Kinas utgifter til grunnforskning for første gong 7 prosent av dei samla FoU-utgiftene. Sjølv om dette er eit historisk høgt nivå, peikar analytikarar på at delen framleis ligg godt under nivået i andre store forskingsnasjonar. Til dømes er Kina blant landa i verda som brukar mest på FoU, men data frå OECD og US National Science Foundation viser at intensiteten i grunnforskninga framleis ligg klart under land som USA, Japan og Tyskland.

UNESCO-rapport: Høgare utdanning veks, men ulikskapane er store

Talet på studentar i høgare utdanning i verda har meir enn dobla seg sidan 2000. I 2024 var nær 269 millionar studentar innskrivne ved universitet og høgskular globalt. Samstundes viser [UNESCO-rapporten Higher education global trends report](#) at veksten ikkje har kome alle til gode.


Rapporten peikar på at høgare utdanning står ved eit vendepunkt. Teknologisk utvikling, kunstig intelligens, demografiske endringar, geopolitisk uro og nye krav frå arbeidslivet endrar rammene for universiteta over heile verda. Høgare utdanning blir stadig viktigare for økonomisk utvikling, sosial mobilitet, forskning og berekraftig samfunnsutvikling.

Store ulikskapar

I Europa og Nord-Amerika deltek rundt 80 prosent i høgare utdanning, medan talet i Afrika sør for Sahara er om lag ni prosent. Økonomiske barrierar, svake finansieringsmodellar, ulik digital tilgang og manglande støtteordningar gjer at mange framleis blir ståande utanfor. Rapporten viser òg at internasjonal studentmobilitet har auka kraftig. I 2023 studerte 7,3 millionar studentar i utlandet, meir enn tre gonger så mange som i 2000. Likevel omfattar dette færre enn tre prosent av verdas studentar, og mobiliteten er skeivt fordelt. Geopolitisk uro kan i tillegg svekke den opne utvekslinga av kunnskap og studentar.

Vanskeleg for flyktningar

Flyktningar er ei særleg utsett gruppe. Berre ni prosent av flyktningar har tilgang til høgare utdanning. UNESCO løftar òg fram aukande press på akademisk fridom og krevjande arbeidsvilkår for undervisarar og forskarar som alvorlege utfordringar for kvaliteten i sektoren.



Digitalisering og kunstig intelligens blir framheva som både moglegheiter og risikoar. Teknologi kan gi betre tilgang og nye undervisningsformer, men kan òg forsterke ulikskap dersom land ikkje investerer i infrastruktur, kompetanse og inkluderande politikk.

Pressa akademisk fridom

Rapporten peikar òg på aukande press på akademisk fridom og på arbeidsvilkåra til undervisnings- og forskingspersonale. Akademisk fridom har ifølgje rapporten gått tilbake til nivå ein ikkje har sett på 50 år, og færre enn 15 prosent av landa prioriterer velferda til undervisningspersonalet i høgare utdanning. Dette blir framstilt som ein alvorleg risiko for kvaliteten i sektoren.

Digitalisering og kunstig intelligens blir omtala som både ei moglegheit og ei utfordring. Teknologi kan gi betre tilgang, nye undervisningsformer og meir fleksible utdanningsløp. Samstundes viser rapporten til at ein tredel av verdas befolkning framleis ikkje er på nett. Dermed kan digitalisering også forsterke eksisterande skilnader dersom han ikkje blir følgt av investeringar i infrastruktur, kompetanse og inkluderande politikk.

Stadig fleire i Noreg har høgare utdanning

[Nye tal frå Statistisk sentralbyrå](#) viser at nær fire av ti innbyggjarar over 16 år no har utdanning frå universitet eller høgskule. Kvinner har klart høgare utdanningsnivå enn menn, og skilnaden er særleg stor blant yngre vaksne.

I 2025 hadde om lag 1,79 millionar personar i Noreg fullført ei universitets- eller høgskuleutdanning. Det svarar til 38,3 prosent av befolkninga som er 16 år eller eldre. Sidan 2020 har talet på personar med høgare utdanning auka med nær 240 000. Delen har i same periode gått opp frå 35,3 til 38,3 prosent. Samstundes har delen med grunnskule eller vidaregåande skule som høgaste fullførte utdanning gått ned.

Kvinner har høgare utdanning enn menn

Tala viser ein tydeleg kjønsskilnad. I 2025 hadde 43,7 prosent av kvinnene utdanning på universitets- eller høgskulenivå. Blant menn var den tilsvarande delen 32,8 prosent. Skilnaden er størst i fleire av dei yngre aldersgruppene. Blant kvinner mellom 25 og 29 år hadde 65 prosent høgare utdanning, medan delen blant menn i same aldersgruppe var vel 41 prosent. Også blant 30–34-åringane er utdanningsnivået høgt. Nær to av tre kvinner i denne aldersgruppa hadde kort eller lang høgare utdanning. Blant menn var delen knapt 43 prosent.

Fleire tek lange utdanningar

Study in NORWAY

BLUECARD CONSULTANTS

- Top Universities**
Study at world-ranked Norwegian universities with quality education
- Work Opportunities**
Get part-time work options while studying in Norway
- High Quality Life**
Safe country with beautiful nature & modern lifestyle

APPLY NOW

+971 562195115 | bluecardconsultants.com

I alt hadde 13 prosent av befolkninga fullført ei lang universitets- eller høgskuleutdanning i 2025. Dette omfattar utdanningar på meir enn fire år og forskarutdanning. Delen er særleg høg blant personar i trettiåra. Over 22 prosent av innbyggjarane mellom 30 og 39 år hadde ei lang høgare utdanning. Også her er kvinnene i fleirtal: Blant kvinner mellom 30 og 34 år var delen 25,7 prosent, mot 18,8 prosent blant menn.

Høgt utdanningsnivå i Vestland

I Vestland hadde 44,2 prosent av kvinnene høgare utdanning. For menn var delen 31,6 prosent. Fylket ligg dermed over landsgjennomsnittet for begge kjønn når kort og lang universitets- og høgskuleutdanning blir rekna saman. Oslo skil seg likevel klart ut som fylket med det høgaste utdanningsnivået. Der hadde meir enn halvparten av både kvinnene og mennene høgare utdanning.

Store geografiske skilnader

Dei nye tala viser også store skilnader mellom ulike delar av landet. Medan ein stor del av innbyggjarane i Oslo og Akershus har universitets- eller høgskuleutdanning, er delen lågare i fleire distriktsfylke. I Oslo er skilnadene også store mellom bydelane. På Sagene og St. Hanshaugen hadde 68,4 prosent av innbyggjarane høgare utdanning. På Stovner var delen 30,3 prosent. Statistikken omfattar personar som var registrerte som busette i Noreg 1. oktober 2025, og som var 16 år eller eldre ved utgangen av året. Tala blei publiserte av Statistisk sentralbyrå 17. juni 2026.

Ni av ti med lang høyere utdanning er i arbeid et halvår etter fullføring

89 prosent av de som fullførte lang høyere utdanning i skoleåret 2024/2025 var i jobb et halvt år senere, viser nye [tall fra SSB](#). Andelen som kommer i jobb såpass raskt har blitt noe lavere i løpet av de siste fem årene.

I senere tid har flere nyhetssaker og artikler tatt opp spørsmålet om det har blitt vanskeligere for nyutdannede å komme i arbeid, særlig de med lang høyere utdanning. De nyeste tallene viser at størsteparten av de som fullfører mastergrad kommer relativt raskt i jobb. Allikevel tyder resultater for de siste fem årene på at det gradvis tar litt lengre tid. De siste fem årene har antall som fullførte universitets- og høyskoleutdanning på høyere nivå økt fra år til år, mens andelen som er lønnstakere et halvår etter fullføring er redusert.

Tabell 1. Antall som fullførte universitets- og høyskoleutdanning og andelen som er lønnstakere et halvår etter fullføring

	Antall fullførte ¹	Andel lønnstakere
2020-2021	17 700	90,6
2021-2022	19 200	92,2
2022-2023	20 700	90,8
2023-2024	21 700	90,0
2024-2025	22 500	89,3

¹Regnet av bosatte eller i arbeid etter halvår etter fullføring, se SSB tabell 08915 for fullstendig antall kandidater.

Bekrefter utviklingen


Også resultater fra [Kandidatundersøkelsen fra NIFU](#) viser at de fleste som fullførte en mastergrad våren 2025 er i arbeid et halvt år senere. Høyest sysselsetting finner de etter lærerutdanninger og pedagogiske fag, helse og sosialfag, og juridiske fag. Men over de siste fem årene er andelen som ganske raskt kommer i jobb etter fullføringen gradvis blitt noe lavere. 89 prosent var i jobb etter et halvt år av de som var ferdig med lang høyere utdanning i skoleåret 2024/2025, mot 92 prosent for 2021/2022-kullet.

Lærerutdannede kommer lettere i jobb

Av de som fullførte lærer- og pedagogikkutdanninger var henholdsvis 95 og 94 prosent i jobb et halvt år etter fullføring i 2022 og 2025, og for økonomiske og administrative fag var de tilsvarende tallene 95 og 93 prosent. Lavest andel var det innen humanistiske og estetiske fag, som språk, filosofi, historie og kunst. De hadde også størst forskjell fra 2022 til 2025 med henholdsvis 81 og 74 prosent lønnstakere et halvt år etter fullføringen. Vi definerer andelen i relevant jobb som lønnstaker med både arbeidsoppgaver innen akademiske yrker mv. og stillingsandel på minst 80 prosent.

Innen tekniske fag, som IT, ingeniørfag, fysikk, kjemi, m.fl. er det høyere nivå, men relativt stor forskjell på 2022- og 2025-kullet, henholdsvis 89 og 83 prosent. Helse- og sosialfag hadde høyest andel i 2025 med 84 prosent, og var det eneste fagfeltet med høyere nivå enn i 2022 (82 prosent).


Figur 5. Andel lønnstakere i akademiske yrker mv. og minst 80 prosent stilling et halvt år etter fullført lang høyere utdanning, etter fagfelt og skoleår. 2020/2021 og 2024/2025.



Av de største utdanningsgruppene har sykepleiefag høyest andel lønnstakere et halvt år etter fullføring, nær 99 prosent både i 2025 og 2022. IT-utdannede på samme nivå opplever samtidig en nedgang fra 94 til 87 prosent. For denne gruppen er andelen i akademiske yrker mv. som også har minst 80 prosent stilling etter samme tid redusert fra 95 prosent for 2022-kullet til 86 prosent for 2025-kullet.

Som eksempler har kandidater fra medisinstudiet (lege) og særlig rettsstudiet (advokat) både gode og nokså uendrede resultater for arbeidsmarkedstilknytningen i 2022 og 2025. Blant de største utdanningsgruppene er det økonomiske, administrative og statsvitenskapelige fag som har de laveste andelene, og en betydelig nedgang fra 2022 til 2025.

Figur 6. Andel lønnstakere i akademiske yrker mv. og minst 80 prosent stilling et halvår etter fullført lang høyere utdanning, etter utdanningsgruppe og skoleår. 2020/2021 og 2024/2025.



Størst forskjeller blant innvandrere

Blant innvandrere som fullførte lang høyere utdanning i 2025, var omtrent 76 prosent i jobb etter et halvår, mot 82 prosent for de som fullførte i 2022. Tilsvarende tall for den øvrige befolkningen var 91 og 94 prosent. Av innvandrere hadde 61 prosent av lønnstakere minst 80 prosent stilling i akademiske yrker mv. et halvår etter fullført lang høyere utdanning i 2025, mot 70 prosent i 2022-kullet. Tilsvarende tall for den øvrige befolkningen var 78 og 82 prosent.

Svak økning i karakterer i høyere utdanning

Eksamenskarakterene i høyere utdanning har økt fra litt under C til litt over C i perioden 2005 til 2024, men med et noe høyere karakternivå under covid-19-pademien, viser [NIFU-rapport](#).

NIFU har på oppdrag fra Kunnskapsdepartementet gjennomført en kvantitativ undersøkelse av karakterutviklingen i høyere utdanning i perioden 2005 til 2024.

Med utgangspunkt i informasjon om tilnærmet alle eksamener avlagt i høyere utdanning i perioden 2005–2024, finner NIFU at gjennomsnittskaracteren på eksamen har økt svakt over tid. En mulig forklaring på karakterutviklingen over tid er at en større andel eksamener avlegges på institusjoner og studier med et relativt høyt karakternivå, men disse faktorene forklarer kun 14 prosent av karakterøkningen i perioden. Ved bruk av inntakskaracterer fra videregående skole som mål på studentenes ferdigheter, finner NIFU at disse, sammen med endringer i fordelingen av studenter i høyere utdanning, i stor grad forklarer karakterøkningen.

Saudi-Arabisk ranking får brei omtale i Khrono

CWUR-rangeringa som blir utarbeidd av Center for World University Rankings, ein konsulentorganisasjon som gir strategiske råd til styresmakter og universitet får merksemd i [Khrono](#). Rangeringa vart starta i Saudi-Arabia i 2012 og er sidan utvida til ei global topp-2000-liste.

Metodisk skil CWUR seg frå [QS](#) og [Times Higher Education](#)s (THE) ranking ved at ho ikkje byggjer på data rapporterte inn frå universiteta sjølv. Rangeringa er basert på indikatorar for utdanning, alumni i arbeidslivet, fagstab og forskning. Metodikken har klare avgrensingar: Ho legg stor vekt på eliteutfall, som prisvinnarar, alumni i toppstillingar og bibliometriske forskingsmål. Rangeringa fangar i avgrensa grad breiare kvalitetar.



UIB best på forskingsdimensjonen

CWUR har lågare status og gjennomslag enn dei mest brukte globale rangeringane QS, THE og [ARWU/Shanghai](#). I 2026-rangeringa er UiB rangert som nummer 310 globalt, nummer 3 i Noreg og blant dei øvste 1,5 prosent av institusjonane som er vurderte. På forskingsindikatoren er UiB rangert som nummer 258 globalt. Det tyder på at UiB gjer det relativt betre på forskingsdimensjonen enn totalplasseringa skulle tilseie.

Alumni og storleik

CWUR brukar sju indikatorar, grupperte i fire område: utdanning 25 prosent, arbeidsliv/alumni 25 prosent, fagstab 10 prosent og forskning 40 prosent. Forskingsdelen er delt i produksjon, publikasjonar i høgt rangerte tidsskrift, publikasjonar i særleg innverknadsrike tidsskrift og høgt siterte artiklar, kvar med 10 prosent.

Nokre indikatorar blir målte relativt til storleik, særleg alumni-indikatorane, medan forskingsindikatorane i stor grad tel volum av artiklar og toppartiklar. Det kan favorisere store, forskningstunge institusjonar. Samstundes kan alumni-indikatorane favorisere små eliteinstitusjonar med uvanleg mange prisvinnarar eller toppleiarar relativt til studenttal.

Prisar og børsnoterte selskap

Det viktigaste metodiske kjenneteiknet er at 50 prosent av totalvekta ligg på alumni-effektar: 25 prosent for “education”, målt gjennom alumni som har fått store akademiske prisar, og 25 % for “employability”, målt gjennom alumni i topposisjonar i dei 2000 største børsnoterte selskapa. For breiddeuniversitet i Noreg, eller for institusjonar med stor offentleg samfunnsrolle er dette eit svært skeivt mål: akademisk kvalitet og utdanningskvalitet blir indirekte målt gjennom eit lite tal svært ekstreme topputfall. Eit særtrekk er at eliteprisar tel direkte. “Faculty”-indikatoren byggjer på talet på tilsette som har fått store akademiske prisar, som Nobelprisar, Fields-medaljen, Turing Award, Abelprisen, Holbergprisen og liknande. Prisane blir vektlagde etter år og tilknytning.

UiB vidare opp på QS-rangeringa

Universitetet i Bergen går fram fire plassar på den nyaste QS World University Rankings, og er rangert som nummer 283 globalt. UiB er dermed framleis det tredje høgast rangerte norske universitetet, bak Universitetet i Oslo og NTNU.

UiO er framleis best plassert av dei norske universiteta, men går ned frå 119. til 131. plass. NTNU går svakt fram, frå 267. til 264. plass. UiB held fram utviklinga frå fjoråret og går opp frå 287. til 283. plass. UiT Noregs arktiske universitet går òg fram, frå 648. til 629. plass. Universitetet i Agder og OsloMet er for første gong inne på QS-lista. Til saman er åtte norske universitet med i rangeringa, dobbelt så mange som i 2019.

Måler det det måler

QS-rangeringa måler mellom anna akademisk omdøme, siteringar, arbeidsgivaromdøme, internasjonalisering, forholdet mellom tilsette og studentar og berekraft. Akademisk omdøme og siteringar tel samla 50 prosent av vurderinga. Rangeringa omfattar over 1 500 universitet i 106 land og regionar.

Norske universitet i QS World University Rankings 2027

Universitet	Rangering 2026	Rangering 2027
Universitetet i Oslo	119	131
NTNU	267	264
Universitetet i Bergen	287	283
UiT Noregs arktiske universitet	648	629
NMBU	791–800	761–770
Universitetet i Stavanger	851–900	851–900
Universitetet i Agder	–	1001–1200
OsloMet	–	1201–1400